

Informasjon til kandidatane om gjennomføring av prøvar i norsk, samfunnskunnskap og Statsborgarprøven

- Frammøte:** Du må møte presis til prøven. Dersom du kjem etter at prøven har begynt, får du ikkje ta prøven. Sjå informasjon om tidspunkt og stad for oppmøte i brevet frå prøvestaden.
- Legitimasjon:** Du må vise gyldig legitimasjon og signere på kandidatlista når du kjem til prøvelokalet. Godkjend legitimasjon er:
- Gyldig pass
 - Norsk førarkort – original og duplikat
 - Norsk bankkort med bilete
 - Postens ID-kort skrive ut etter 1. april 2003
 - Nasjonalt ID-kort skrive ut innanfor EØS-området
 - Reisebevis for flyktningar og utlendingspass
 - Opphaldskort for utlendingar
 - Asylsøkjjarbevis med namnetrekk og informasjon om fødestad
- Namn:** Når du signerer på kandidatlista, må du kontrollere at namn, adresse og ID-nummer er skrive riktig. Når du er logga inn på prøven, må du kontrollere at namn, ID nummer og kandidatnummer er riktig på skjermen.
- Kvittering:** Dersom du har betalt prøveavgifta med faktura eller direkte til prøvestaden, må du ta med deg kvitteringa når du møter til prøven. Prøvestaden kan be om å sjå kvitteringa di. Prøvestaden kan også be om kvittering dersom du har betalt med bankkort eller Vipps.
- Sjukdom:** Dersom du blir sjuk, må du sende eller levere legerklæring eller sjukmelding til prøvestaden seinast sju (7) dagar etter prøvedatoen. Då vil du kunne ta prøven på eit seinare tidspunkt utan å betale prøveavgifta.
- Skrivesaker:** Du kan ikkje bruke ditt eige papir eller eigen penn, men du kan spørje om å få blyant og papir dersom du ønskjer det. Papiret må du levere før du forlèt lokalet.
- Mobiltelefon:** Du må slå mobiltelefonen heilt av og leggje han vekk under prøven. Du kan ikkje ha han i lomma eller ved plassen din. Dersom ein kandidat blir teken med mobiltelefon på seg under prøven, blir det oppfatta som forsøk på fusk.
- Hjelpemiddel:** Du kan ikkje bruke nokon hjelpemiddel under prøven. Det betyr at du ikkje kan bruke Internett eller dokument som er lagra på datamaskina. Du kan ikkje kommunisere med andre enn vaktar eller prøveleiarar under prøvegjennomføringa. Bruk av internett eller dokument som er lagra på datamaskina blir rekna som fusk.
- Dobbel-gjennomføring** Det er ikkje lov å ta same delprøve fleire gonger i same prøveperiode. Om du tar same delprøve fleire gonger i same prøveperiode, vil berre resultatet frå den første gjennomføringa være gyldig.
- Fusk:** Du kan ikkje bruke nokon hjelpemiddel under prøven. Bruk av hjelpemiddel eller forsøk på dette blir rekna som fusk.

Eksempel på fusk kan vere

- bruk av elektroniske hjelpemiddel, som for eksempel mobiltelefon, smartklokke og smartbriller
- bruk av andre nettsider eller dataprogram enn prøvesystemet
- å lime inn tekst i svarfeltet under skriveprøven (dette blir automatisk registrert som fusk)
- kopiering av heile eller delar av svaret frå andre (for eksempel plagiat)
- bruk av falsk legitimasjon
- bruk av ordbok eller medbringa notat
- kommunikasjon med andre enn tilsette ved prøvestaden under prøvegjennomføringa

Fusk, eller forsøk på fusk, fører til at

- du blir vist bort frå lokalet
- du ikkje får prøvebevis for nokon av delprøvene du har tatt i denne prøveperioden (dette gjeld både skriftleg og munnleg norskprøve, nivå A1–C1)
- du kan måtte vente i inntil eitt år før du kan ta prøvene på nytt
- du må betale prøveavgift når du skal ta prøven neste gong

Fusk kan bli avdekt under prøven, etter prøven eller under sensurering av svar.

Forfalsking av prøvebevis:

Forfalsking av prøveprov er regna som dokumentforfalsking og blir politimeld.

Prøvebevis:

Prøvestaden sender prøvebeviset til den adressa som står på kandidatlista. Du må gi beskjed til prøvestaden dersom du får ny adresse.

Klagerett:

Du har rett til å klage på resultatet på delprøven i skriftleg framstilling (norskprøven på nivå A1–B2). Klagefristen er tre veker etter at sensuren har falle.

Du har rett til å klage på resultatet på begge delprøvene på Norskprøven C1 – høgare akademisk nivå (delprøve i lytteforståing og skriftleg framstilling, og delprøven i leseforståing og munnleg kommunikasjon). Klagefristen er tre veker etter at sensuren har falle.

Du kan klage på formelle feil ved gjennomføring av samfunnskunnskapsprøven, Statsborgarprøven, i tillegg til formelle feil ved gjennomføring av dei fire delprøvene i norskprøven. Du kan klage på formelle feil til prøvestaden. Klagefristen er tre veker etter at prøven er gjennomført. Du kan anten levere ei skriftleg klage, eller signere på at du klagar munnleg. Sjå informasjon om klagerett på nettsidene til Kompetanse Noreg.

Før prøven startar, har du moglegheit til å stille praktiske spørsmål. Dersom du ikkje forstår oppgåvene i delprøven i skriftleg framstilling kan du spørje prøveleiar.